

Barnas Turlag

DNT ung



PROGRAM 2020



Luster Turlag
sine turar



luster.dnt.no

Turprogram 2020

Velkommen til turåret 2020!

Luster Turlag har lagt bak seg nok eit spanande og aktivt år. Dei som vil ha eit fyldig oversyn, kan gå inn på turlaget sine nettsider – **luster.dnt.no** - og lesa årsmeldinga der.

I dette heftet, som går til alle husstandar i Luster kommune og til dei som er medlemmer med adresse utanfor kommunen, vil me konsentrera oss om turar og aktivitetar som er planlagde i 2020 og i tillegg gje litt ekstra plass til bilete og omtale av dei tre hytteanlegga som Luster Turlag no disponerer.

Turlaget opplever ein eineståande vilje til dugnadsinnsats, og dette gjer det mogeleg å driva og føra tilsyn med hyttene våre og å arrangera turar og skipa til kulturelle aktivitetar utan at kostnadene blir for høge. Dessutan har laget ein svært god hovudsponsor i Luster Sparebank.



Den høgste av toppane i den nye Topptrimmen er den til venstre – Nordlege Skagastølstind.

Framsidedeilete øvst: ”Dei nye hyttene på Tungestølen i haustsol.”

Framsidedeilete nedst: ”Dronning Sonja klipte snora saman med bygdelagsleiar Asbjørn Nes og turlagsleiar Ole Schanke Eikum.”

Topptrimmen

For 15. gong startar Luster Turlag denne sommaren opp att med ein topptrim. Første runde gjekk i åra 1978-1980 med ti utvalde toppar som deltakarane skulle bestiga på tre somrar. Opplegget vart så populært og Luster var så rik på flotte fjelltoppar at me heldt fram til hundre toppar var «oppbrukte». Så snudde me bunken og starta på ein ny runde, og no går me altså inn i **TOPPTRIMMEN 2020 – 2022** med følgjande utfordringar for dei som vil delta:

1. **Bolstadnosi** (923 moh)
2. **Greineggi** (1849 moh)
3. **Grøndalseggi** (1423 moh)
4. **Grånosi** (1346 moh)
5. **Kattøyra** (1411 moh)
6. **Liastølsbreakulen** (1678 moh)
7. **Nipa** (867 moh)
8. **Nordlege Skagastølstind** (2167 moh)
9. **Sippelhaugsnosi** (1261 moh)
10. **Skurvenosi** (1450 moh)

Opplegget er slik at ein satsar på å ha «postboksar» med klippetang og registreringsbok utplasserte på toppane innan utgangen av juni. Deltakarkort blir å få kjøpt til ein pris av kr 100. Meir opplysningar kjem på nettet, på Facebook og i avisa når sommaren nærmar seg.

Medlemskap

Luster Turlag er eitt av laga i landet innan DNT som har flest medlemar i høve til folketalet i kommunen, men me tek gjerne imot fleire. I fjor var me 738, altså mellom 14 og 15 prosent av innbyggjartalet! Om du har postadresse i Luster, blir du automatisk medlem av det lokale turlaget. Om du bur andre plassar i landet, men vil støtta det lokale laget med medlemspengane dine, melder du frå til DNT sentralt på tlf 400 01 870 eller til medlem@dnt.no. Turlaget anbefaler alle som er interesserte i friluftsliv om å spandera

på seg eit medlemskap. Berre i vår kommune er det 13 DNT-hytter der du kan få medlemsrabatt! Dessutan kan du få leiga kajakk og fjellutstyr som turlaget disponerer gratis. Som medlem får du dessutan ei flott årbok og det fyldige medlemsbladet Fjell og Vidde 6 gonger i året.

Luster Turlag har opp gjennom åra dekkja deltakaravgifta for born og unge si deltaking på BaseCamp-arrangementa som Sogn og Fjordane Turlag står bak, og me tek sikte på å vidareføra denne sponinga.

Kajakkar og kajakknaustet

Kajakknaustet som turlaget leiger, ligg i Vedvik, heilt ytst langs fjorden frå Marifjøra. Her er 10 enkle og 3 doble kajakkar med utstyr som trengst for ein trygg padletur på fjorden. Kajakkane er til gratis utlån for medlemmar av DNT, og naustet er låst med standard nøkkel. For ikkje-medlemmar kostar det 100 kroner å låna ein kajakk. Padling er ein fin aktivitet, men han kan vera farleg. Største faren er å velta og verta nedkjølt. Turlaget er opptatt av at padlinga vert utøvd på ein forsvarleg måte, og på nettsidene våre finn du meir informasjon og enkle reglar for at padleturen skal verta ei trygg og god oppleving.

Dagsturhytta Eikjabu

Etter avtale med Luster kommune og grunneigar, har Luster Turlag teke på seg ansvar for tilsyn og drift av dagsturhytta og området rundt. Det er god tilkomst frå sjøen, med solid flytebrygge og god landgang. Anlegget er basert på dagsbesøk og ikkje tenkt for overnatting. Det blir arbeid med å få avtalar om å rusta opp den gamle stien ned frå Mollandsmarki, slik at det blir lettare tilgang for dei som ikkje disponerer båt. Me må be om at ingen går i land frå båt eller går over innmark på andre sine eigedomar på Ytre Eikjo!

Salsartiklar

Turlaget har framleis dei to praktbøkene «LUSTRAFJELL-om fjell og fjellfolk i Luster» og «UT i Luster» til sals. Kjøp

dei hjå Stein Bugge Næss på Høyheimsvik (tlf 958 74 596) eller hos Leik og Nytt i Gaupne. Prisen er 250 kr for den første og kr 400 for den andre, men kjøper du begge, får du dei for kr 500! Dei same sel den flotte kartmappa som dekker heile Luster kommune i målestokk 1: 50 000. Prisen her er kr 290.

Grasrotandelen

I 2019 har tilbakebetaling frå Norsk Tipping gjeve turlaget fleire tusen kroner ekstra i kassen. Om du vil støtta laget med 5% av speleinnsatsen din, er det berre å gje beskjed hos kommisjonæren eller å www.norsk-tipping.no. Luster Turlag sitt organisasjonsnummer er 886 022 492 og koden vår til Norsk Tipping er 3277 4886 022 492.

Nyttig informasjon

Hugs at turane du går med Luster Turlag er på eige ansvar. Reiseforsikring kan vera fornuftig å ha. Ein del av turane og andre arrangement blir annonserte i Sogn Avis, men viktigaste informasjonskanalane er Facebook og nettsida vår - luster.dnt.no

Her kjem det ofte fylldig informasjon i forkant og biletreportasjar i etterkant av turar og andre aktivitetar. Det blir teke ein del bilete på fellesturane. Dersom du ikkje vil «koma på nettet», må du gje beskjed til turleiaren før turen startar. Nokre turar krev påmelding, men då blir det tydeleg kunngjort på førehand.

Styret og organiseringa av Luster Turlag i 2020:

Leiar: Ole-Hermann Meløy

Nestleiar: Berit Kristin Lad

Kasserar: Arne Fossøy

Skrivar: Liv Hunshamar

Styremedlem: Marte Meland

Ansvarleg Barnas Turlag: Hanne Teigen

Ansvarleg UNG: Gry Anita Sviggum

Varamedlemar: Bjarne Venjum og Stine Rebni Bjørk

Leiar hyttestyret for Tungestølen: Bjarne Venjum

Leiar hyttestyret for Fivla: Nils Oma

Leiar hyttestyret for Fuglesteg: Stein Bugge Næss

Leiar for kajakkar og naust: Einvald Søreide Erichsen

Leiar for tilsyn på Eikjabu: Arne Fossøy

Ta vare på programmet!

Heng det gjerne på veggen.

Kanskje har andre i familien interesse av det.

Kanskje får du fjellinteresserte på besøk.

Luster Turlag har tilbud til alle.

Bli med på tur, og bli gjerne medlem!

Standard-graderinga:

Grøn. Enkel: Nybyrjarar * Krev ingen spesielle ferdigheiter * Skal kunna gjennomførast av alle. *Maks 300 høgdemeter.

Blå. Middels: Nybyrjarar * Middels trente turgåarar * Grunnleggjande ferdigheiter. *Maks 600 høgdemeter.

Raud. Krevjande: Erfarne turgåarar * Godt uthald * Krev godt turutstyr. *Maks 1000 høgdemeter.

Svart. Ekspert: Erfarne fjellfolk * Godt uthald * Krev godt turutstyr. * Meir enn 1000 høgdemeter.

TUNGESTØLEN

Luster Turlag tok ein stor sjanse sommaren 2018, då ein bad inn til grunnsteinnedleggjing for dei nye hyttene på Tungestølen. Korkje finansiering eller alle løyve var på plass, men då ein fekk klarsignal frå Slottet om at Dronning

Sonja ville koma til offisiell opning 6. september året etter, var det berre å arbeida hardt vidare. Leiaren i laget, Ole Schanke Eikum, gjorde ein formidabel innsats, og saman med byggjenemnda og Hans Harald Nes frå Hans Nes Bygg AS fekk han orden på det aller meste, slik at byggjearbeidet kunne starta tidleg i mai i fjor. Det vart nokre travle veker for alle som arbeidde på prosjektet til rundt 18 millionar kroner, men prosessen viste seg å vera under god kontroll, og då Dronning Sonja vandra inn på tunet, var alt klart til ei storstila opning.

Me vel å presentera bygningar og feiring med ein biletkavalkade, og ser fram til stor trafikk til sommaren, slik det var dei få vekene me hadde ope hausten 2020!



Tungestølen 26. april 2019.



Tungestølen 26. august – berre fire månader seinare!



Turlagsleiar Ole Schanke Eikum hadde masse arbeid og full kontroll med byggeprosessen.



Fredag 6. september og den største dagen hittil, med Dronning Sonja tilstades.



Dronninga var storleg begeistra, og imponerte med ein flott takketale.



Borda dekket for rømmegrøt og spekemat til innbedne gjester.



Byggenemnda helsar på dronninga. Frå venstre: Gry Tokvam, Arne Fossøy, Jimmy Hilleren, Anne Kari Herlofsen Nes og Stein Bugge Næss.



Første byggesteg ferdig i slutten av august. Når startar neste etappe?



*Flatningane og Raudbergsholten i sol.
No blir det skitur dit i måneskin.*

PROGRAM 2020

Fredag 7. februar - søndag 9. februar



Måneskinstur til Raudbergsholten via Flatningane

Denne turen var og planlagt i fjor, men den kvelden som var oppsett, snøa det så det lavde. No vil me halda tre kveldar opne, og annonserer ut frå vermeldingane, når helga nærmar seg.

Dette er ein heller lett skitur som kan passa dei fleste. Utstyr deg med hovudlykt og møt opp i Gaupne for oppfylling av bilar. Me køyrer opp i Engjadalen og set på skia. Via stølen Flatningane går me til den 810 meter høge Raudbergsholten. Her kan me nyta fullmåneskinet, ta nista og kanskje fyra opp eit bål dersom mange nok tek med seg litt ved i sekken!

Frammøte ved Prix i Gaupne kl 17.00

Turleiar: Nils Oma, 952 26 727

Laurdag 7. mars

Hyggekveld på Eikum Hotell med utdeling av statuettar for TOPP & TURBOTRIMMEN 2017-2019

Me legg opp til ein skikkeleg triveleg kveld denne første laurdagen i mars. Me skal gjera stas på alle som har delteke på den siste Topp & turbotrimmen, dela ut diplom

til alle som har vore med, statuettar til dei som fullførde Topptrimmen og ein premie frå turlaget til dei som fullførde turbotrimmen. Me har vore så heldige å få med forfattaren Sigri Sandberg – med gardsbruk på Ytre Eikjo – som vil kåseri frå boka si: «Frykt og jubel i Jotunheimen». Musikalske innslag blir det sikkert, god mat frå hotellet sitt kjøkken og den tradisjonelle Fjellkjennaren – konkurransen om kven som kan mest og er flinkast å kjenna seg att på bilete frå lustrafjella.

Me lyt her ta ein eigenandel på kr 150 ved inngangen for vaksne. Born går gratis.

Arrangementet startar kl 19.00



Første snøen på nye hytter. I mars er det nok mykje meir snø rundt Tungestølen.

Søndag 15. mars

Skitur til Tungestølen



Mange er nok spente på å sjå korleis dei nye hyttene på Tungestølen har klart seg gjennom vinteren. Det er berre 5-6 kilometer frå enden av bilvegen, og for det meste flatt framover, så dette er ein skitur som skulle passa dei fleste. Mange har sikkert aldri gått på ski i dette flotte brelandskapet, så gled deg over noko nytt og spennande!

Frammøte i Hafslo sentrum for oppfylling av bilar kl 10.00

Turleiar: Anne Kari Herlofsen Nes, 957 27 958

Søndag 29. mars



Skitur til Kinnfokfjellet

Ein av toppane på nordsida av Lustrafjorden som har det finaste utsynet til Hurrungtindane, skal få besøk denne dagen. Toppen er på 1406 meter, og me har om lag 1100 høgdemeter føre oss når me startar på Kolstad i Dalsdalen. Turen går bratt opp bilvegen til Ilaget og vidare til stølen Hornane. Derifrå er det ein kneik før ein inne på Midtfjellet rundar utover att mot toppen av Kinnfokfjellet. Dette er ein middels tung skitur, som krev at ein har gått ein del på ski før ein legg i veg. Det meste av dagen vil gå med. Start frå Lerisbui i Luster for oppfylling av bilar kl 09.00.

Turleiar: Liv Norunn Hunshamar, 918 04 901



I fjor fekk Hytta på Bandet besøk. I år er det Lauvnostind.

Søndag 10. mai



Skitur til Lauvnostind (1950 moh)

Heilt inn mot dei villaste toppane i Hurrungane finn me den heller beskjedne Lauvnostind. Denne toppen skulle dei fleste som har litt skierfaring kunna koma seg opp på. For dei med randonee-ski har Lauvnostind vorte ein favoritt, ettersom det er så flott nedkøyring. Dette er seint på sesongen, men om det er ein normal snøvinter, skulle det vera greit å køyra eit stykke utover på Tindevegen mot Berdalsfjellet og starta skituren derifrå.

Gjer deg klar for fantastiske utsyn frå toppen!

Start/oppmøte i Turtagrø på den runde parkeringsplassen kl 10.00

Turleiar: Ole-Hermann Meløy, 906 91 624



Frå Kolstad, som blir passert på nedturen frå Eggjene.

Måndag 1. juni (2. pinsedag)



Fottur Høyheimsvik – Høyheim – Langen – Kolstadeggi med retur om Kolstad

Vår og sommar kjem tidleg på Høyheimsvik, og det skulle vera fint å gå ein rundtur opp til 8-900 meter og Kolstadeggi med sitt flotte utsyn. Me følgjer bilveg og skogsveg til dei fråflytte bruka i Langen (der budde folk til etter krigen). Vidare oppover går me forbi gamle stølar og kjem opp på fjellkanten der det flatar ut mot stølane Eggi og Flatningane. Nedtur om vårstølane på Kolstad . Dette er ein flott føremiddagstur som dei fleste kan klara.

Start frå Høyheimsvik kl 10.00

Turleiar: Nils Oma, 952 26 727

Laurdag 27. juni



Brekryssing frå Fonn i Stardalen til Tungestølen

Dette er ein tur i samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag. Dei hadde denne turen kvar sommar i mange år, men det vart eit opphald etter at husa på Tungestølen bles bort.

No er dei klare til å ta opp att tradisjonen, og me er inviterte til å vera med. Turen i seg sjølv er fin og tek ca 11 timar. I tillegg må ein rekna eit par timar frå oss i Luster til startpunktet på Fonn. Me kjem attende med meir opplysningar når turen nærmar seg. Her vil det måtta bli buss og påmelding, så du må følgja med kva opplysningar turlaget legg ut ei veke eller to før turen.

Turleiar: Leif Sverre Høvik/ Per Tore Meier, 997 06 065

Søndag 28. juni

Opning av biletutstilling i Fuglesteg-fjøsen

Den tidlegare postmannen, Magne Bergset, har imponert mange med sine flotte fotografi av naturen i kommunen vår. Han har motiv frå fjord til fjell og mange bilete med fine detaljar, som berre ein med eit godt blikk for fotografering legg merke til. Magne vil fylla veggene i fjøsen i Fuglesteg med fotografi - frå halvmeteren og opp til ein meter store forstørringar. Dette vil vera ei salsutstilling som heng oppe heilt til sommarsesongen er slutt i midten av september. Kom opp og sjå! Hellekaker kan du og få kjøpa i steinstova, denne dagen som andre dagar.

Me opnar utstillinga kl 13, og alle som er der denne dagen, er med på loddtrekking på eitt av bileta som heng på veggene i kulturfjøsen!

Dei fleste vil bruka rundt halvannan time på vegen opp. Nyt turen og utsynet!



*Langt følgje langs Austdalsvatnet.
Her startar turen over Jostedalsbreen i år.*

Laurdag 4. juli



Jostedalsbreen. Kryssing frå Styggevatnet til Greidung i Stryn via Vetledalsbreen

Luster Turlag har nesten årleg hatt turar på tvers av Jostedalsbreen. Denne turen var og planlagd i fjor, men det triste hende at kjentmannen, Anders Leirdal, brått døydde dagane før turen. No set me opp att denne heller lette breturen, sjølv om han tek 10-11 timar. Han er lettare enn dei fleste på grunn av at ein startar heilt oppe i rundt 1100 meters høgde. Turen endar på garden Greidung i Oppstryn, og så er det buss attende til Gaupne på seine kvelden. Det er ofte blåis på Vetledalsbreen på denne tida, så ta med broddar av eit eller anna slag!

Start i buss frå Prix i Gaupne kl 06.00

Følg med på turlaget sine nettsider eller i Sogn Avis om påmelding og pris når datoen nærmar seg.

Turleiar: Anne Kari Herlofsen Nes, 957 27 958

Kjentmann: Kåre Reidar Aasen, 482 50 566



Berit Opheim og Lajla Buer Storli er klare med konsert denne søndagen.

Søndag 5. juli

Konsert i Fuglesteg

Berit Opheim frå Voss er eit kjent namn innan norsk folkemusikk, og ho har ei stemme som har ført til både plateinnspelningar og nominasjon til Spellemannprisen. Ho har gitt ut plater og sunge saman med mange kjende muskarar. Denne gongen blir det med felespelaren og kvedaren Lajla Buer Storli frå Ullensvang i Hardanger, som og er eit kjent namn i folkemusikken. Berit Opheim var fleire gonger på

besøk hjå Ragnar Vigdal og lærde hans måte å syngja gamle salmar og folketonar på. Ho set han svært høgt, og vil heilt sikkert framføra noko ho lærde av han!

Konserten startar i kulturfjøsene i Fuglesteg kl 15. Billettar vert selde i døra, og helst mot kontant betaling. Billettpris kr. 250 for vaksne og kr. 100 for born.

Som vanleg er det høve til å kjøpa kaffi og hellekaker både før og etter konserten. Vel møtt!



Tur for alle. I fjor var 42 med på vandringa Kinsedalen – Kvalen.

Laurdag 11. juli



Vandring frå Øyabotn til Nørdestedalseter

Vertskapet på Nørdestedalseter inviterer denne laurdagen til vandring frå Øyabotn i Fortunsdalen til DNT-hytta lengst inne i dalen. Dei vil ha stans med servering både på stølen Klepp og på Tverrdalen. Så avsluttar dei turen med å servera rømmegraut og spekemat på turisthytta. Opplegget står Nørdestedalseter for, men turlaget vil gjerne anbefala alle å vera med på turen, der ein så langt som råd følgjer den gamle stølsvegen innover dette vakre dalføret.

Sjå meir opplysningar på nettet når datoen nærmar seg.

Søndag 19. juli



VIGDALSDILTEN (for 42. året på rad)

Dette er den store tradisjonsturen for turlaget. Det har og vorte tradisjon at Kari Ødegård og Ingeborg Flaten møter deltakarane med kaffi og saft på Fivla, halvveges på turen. Deltakartalet vekslar veldig frå år til år, alt etter ver og

vermelding, men det er ingen som klagar på variasjonen i landskapet turen går i, i skog, forbi stølar og i snaufjell opp til 1200 meter over havet. Heile tida held ein seg til T-merkt sti, så det er lett å finna fram. Dei fleste bruker 5-7 timar på turen frå dei startar ved bussen i Vigdalen til dei legg frå seg deltakarkortet i Engjadalen og går i bilen eller vandrar ned til Gaupne.

Dei som vil plassera bil i Engjadalen møter opp før kl 08.30 ved Prix i Gaupne og sler seg saman med andre som vil gjera det same.

Buss går til Vigdalen kl 09.00

Registrer deg og få utlevert klippekort før avreise. Prisen kr 150 for vaksne og kr 50 for born og ungdom opp til 15 år inkluderer buss, kaffi/saft og kanskje noko å bita i på Fivla pluss plakett som blir utdelt på eit seinare turlagsarrangement (hugs kontantar!).

Ansvarleg for opplegget: Kari Ødegård, 480 77 262 og Ingeborg Flaten, 917 73 771

Søndag 2. august



Greineggi (1849 moh)

Dette er ein av dei ti toppane i Topptrimmen denne gongen, og me vel å leggja opp til ein fellestur dit. Turen startar på Viva oppe i Sprongdalen i forlenginga av Jostedalen. Først er det eit par timars vandring opp til Sprongdalshytta, som ligg ca 1275 moh. Deretter går ein rett sørover på stien mot Arentzbu forbi Gluggevardholet og tek seg opp mot toppen der lendet tillet det. Toppen ligg fritt og fint med utsyn til dei fleste toppar og brear i Breheimen Nasjonalpark og til Jotunheimen i sør.

Det vil gå med 4-5 timar på vegen opp, så dette er ein heildagstur som krev litt kondisjon.

Start frå Viva kl 09.00

Turleiar: Stein Bugge Næss, 958 74 596



Trioen «Sol i skuggeskog» spelar i Fuglesteg denne søndagsettermiddagen.

Søndag 9. august

Konsert i Fuglesteg med Øyvind Sandum sin trio – «Sol i skuggeskog»

Nok ein spennande ettermiddagskonsert i Fuglesteg. Denne gongen hentar me musikarane over fjellet frå Nord-Gudbrandsdalen. Øyvind Sandum er kjend som landsfestivalvinnar på torader. I visegruppa Sol i skuggeskog har han med Einar Lian-Bjørgum på gitar og Ingrid Lian-Bjørgum, som har ei flott sangstemme.

Dei har gitt ut to album med inspirasjon frå norsk og amerikansk folkemusikk. Lat deg inspirera til ei vandring opp i høgda for ei hellekake eller to og for ein flott konsert!

Konserten startar kl. 16. Bilettar vert selde i døra, og helst mot kontant betaling. Biletpris kr. 250 for vaksne og kr 100 for born.

Søndag 16. august

Skogsvandring i Jostedalen



Det blir påstått at eit av dei største furetrea i landet står framme i Jostedalen. Tullifura blir ho kalla, og står høgt over Halveg. Dette blir ei lett vandring frå Sperle på gamlevegen mot kyrkja. Me tek av og går oppover via Halveg. Ein halvtimes veg lengre oppe står den berømde fura som me lyt omfamna og måla omkrinsen på. For å få endå betre utsyn over dal og fjell, går me opp til slåtteteigen på Vindolen, der det enno står ei uteløe.

Turen er ikkje tung, og passar for alle.

Start frå Sperle kl. 10.00

Turleiar: Arne Fossøy, 917 44 453



På turen nedatt frå Øvstestølen går me forbi steinstova i Ormelid.

Søndag 13. september



Svensøy – Øyabotn- Øvstestølen-Ormelid

Dette blir ein annan veg enn den vanlege til høgdegarden Ormelid. Me går inn frå Svensøy langs Fortunselvi til Øyabotn og følgjer ryggen opp Svensøyholten. Det er stadvis nokså bratt, og ein går heilt opp i nær 900 meters høgd for å koma til Øvstestølen, som var vårstølen til Ormelid saman med Nedstestølen nærare garden. Å koma til Ormelid no er svært spanande, ettersom det eine huset etter det andre blir restaurert. Om du ikkje har vore her før, så slå deg med på denne turen!

Start frå vegen innafor Svensøy kl 10.00

Kjentmann: Jakob Øygard, 990 42 131

FIVLA

Hytteanlegget som turlaget har i fjellet over Vigdalen og Kilen fortener ein ekstra omtale denne gongen. Det er i år 20 år sidan hus nummer to vart oppsett. Me kalla det sikringsbu, ettersom det kjendest utrygt å ha berre eitt hus å ta inn i på ein så avsides plass. Dessutan fekk ein på denne måten nok senger til å kunna ta imot heile skuleklassar på overnatting. Alt frå Luster Turlag vart stifta, hadde ein tankar om å ta vare på hus i fjellet, og det vart gjort avtale

om leigerett på det gamle stølhuset som hadde stått der. Selet hadde ikkje vore i bruk etter om lag år 1900, så det meste var til nedfalls. Etter at turlaget fekk eit godt overskot på den første boka si – «Vandring i Lustrafjell» - kunne ein byrja å tenkja på oppattbygging på Fivla. Somrane 1982 og 1983 gjekk med til bygging, både med legehjelp og med stor dugnadsinnsats. Seinare har det vore jamnt godt vedlikehald på begge husa, og turlaget kan i 2020 presentera eit flott anlegg på denne gamle stølen, som i si tid vart brukt av gardar på Høyheim og Øvre Nes.



To store og fine hytter står klare for gjester.



Eit velutstyrt kjøkken finn du i begge hyttene.



Sofakroken i nyehytta er romsleg.



Slik vonar me det ser ut 19. juli, då Vigdalsdilten går i år.



God sti fører over fjellet til Engjadalen og Gaupne.

TURPROGRAM BARNAS TURLAG 2020

Søndag 2. februar



KOM DEG UT-dagen

Det har etter kvart vorte tradisjon å samlast liten og stor i Sogn Skisenter på Heggmyrane for å markera denne nasjonale skidagen. Her vert det skileikar av fleire slag, natursti og premiar. Varm mat vert det og med servering frå grillhytta. Dagane har vorte lengre og lysare no, så kom og bli med på uteaktivitet uansett utstyr, ver og form!

Sjå meir på Facebook og nettsidene til turlaget: luster.dnt.no

Ansvarlege: Gøril Urdahl, 971 44 313

og Bernt Alexander Elle, 952 81 067

Søndag 22. mars



Klatring i Fjordstova på Skjolden

Det kan passa å ta ein tur i klatreveggen inne i Skjolden for å øva opp kroppen til å tola høgder no før me skal ut i den verkeleg naturen og gå bratte fjellturar. Klatringa er mynta på born, men det kan og vera moro for vaksne å prøva seg. Turlaget har stødige instruktørar som hjelper til.

Sjå meir informasjon på nettsidene og Facebook når dagen nærmar seg.

Ansvarleg frå turlaget: Hanne Teigen, 469 70 733

Søndag 10. mai



Vårtur på Nes med hesteriding på bane

Ein av stadene der våren kjem ekstra tidleg, er på Nes. Turlaget har hatt barneturar her mange år med stor suksess. Det blir tid til ein fin liten skogstur over gardane på Øvre-Nes før borna får prøva seg på hesteryggen saman med erfarne hestefolk.

Detaljar om opplegget og klokkeslett finn du på luster.dnt.no eller på Facebook nokre dagar før turen.

Ansvarleg frå turlaget: Stine Nordal, 950 54 709

Søndag 7. juni



Generasjonstur til Feigefossen

Det har skjedd mykje dei siste åra i Feiga, på sørsida av fjorden. Både smie, sag og mølle har vorte restaurerte, og eigarane har endå til opna ein liten kafe på staden. Her blir det omvising og ein tur opp til foten av den 218 meter høge Feigefossen. På denne tida skal det vera snøsmelting og stor vassføring i både elv og foss, så lat deg imponera!

Detaljar om turen finn du på luster.dnt.no eller på Facebook

Ansvarleg for opplegget:

Anne Merete Kvalsøren, 905 88 369

Laurdag 20. juni



Molden opp – natursti

Barnas Turlag vil som tidlegare år setja opp natursti langs ruta oppover mot Molden denne dagen med liv og røre heile vegen frå Marifjøra til topps i 1116 meters høgde. Flotte premiar blir trekte ut på premieutdelinga etter løpet. Detaljar blir lagde ut på heimesida vår: luster.dnt.no og Facebook i forkant.

Ansvarlege: Christin og Tore Sønnesyn, 950 67 300

Søndag 9. august



Veitastrond og stølane

Tur til Veitastrond, Nystølen med geiter og Tungestølen med nye hytter og mat. Den einaste geitestølen i full drift i kommunen finn me heilt inn mot Jostedalsbreen. I brattlendt terreng under Nystølsnovi er det gode beite for geiteflokken til Kurt Heggstad. Me får sikkert sjå geitene i terrenget over og rundt stølshusa. Ikkje alle har heller enno sett det praktfulle anlegget som kom opp på Tungestølen sist sommar, så her er det mykje av interesse å visa fram.

Frammøte på Nystølen kl 11.00

Turleiar: Bente Helene Skildheim Nes, 414 45 747

Søndag 23. august



Veitastrond og stølane

I Krukla i sentrum av Fortun er det tilrettelagt for fleire



Klatringa på den store steinen i Krukla er spanande for liten og stor.

aktivitetar for born og unge. Me inviterer denne søndagen til trygg klatring på den store steinen i området. Der er ei fin grillhytte, så om du tek med mat, kan aktivitetane føregå heile ettermiddagen med kald og varm mat innimellom øktene.

Sjå detaljar på nettet og Facebook.

Turleiar: Hanne Teigen, 469 70 733

Laurdag 5. september



KOM DEG UT-dagen

På denne nasjonale friluftsdagen har Barnas Turlag saman md UNG hatt eit utearrangement rundt DNT-hytta på Navarsete fleire år på rad. Me satsar på det same i år. Det er berre halvtimen å gå fram til hytta frå bilvegen i Engjadalen. Her blir det natursti, leikar og servering for både liten og stor. Sjå meir info på nettsider og Facebook når datoen nærmar seg.

Turleiarar: Oda Otterhjell, 469 66 363

Elen Kristine S. Otterhjell, 481 40 026

og Frank Halland Neset, 480 83 722

Onsdag 11. november

Lommelykttur på Hafslo

No nærmar me oss den mørkaste tida på året, og det kan vera spennande å gå ut i terrenget med lommelyktene.

Mykje ser annleis ut i mørkret enn det gjer på lyse dagen!

Opplegget kjem me attende til på nettsidene til turlaget og Facebook når kvelden nærmar seg.

Turansvarleg: Elise Landøy, 951 12 973

Søndag 15. november



Klatring i Fjordstova på Skjolden

Dette er same opplegget som turlaget har hatt mange gonger før. Klatringa passar for liten og stor. Godkjend klatreinstruktør blir med.


Sjå luster.dnt.no eller Facebook for tidspunkt når dagen nærmar seg.

FUGLESTEG

Det hender alltid noko spanande på høgdegarden vår i Fuglesteg, og me tykkjer det kan vera greit å fortelja litt om utviklinga gjennom åra i dette programmet. Det har no alt gått 20 år sidan turlaget tok på seg oppgåva med å setja i stand att den imponerande steinstova 600 høgdemeter over Fortun, og 15 år sidan ei storstila opning med meir enn 600 tilstades. Etter dette har Fuglesteg vorte ei gullgruve og ei suksesshistorie for Luster Turlag. Fjøsbygningen vart oppattsett i åra 2006 og 2007, stovehuset på nabobruket fekk nye vindauge, ny kledning og nytt tak i 2011. Turkestova kom på plass att i 2014, og sist sommar klarte turlaget å berga den siste uteløa som stod att i bakkane under gardshusa. Meir enn 4,5 millionar kroner er brukte, i tillegg til fleire tusen dugnadstimar! Det har vore opne hus og servering av kaffi og hellekaker alle somrar frå 2006, delvis basert på dugnadsinnsats. Rundt 6000 dagsbesøk har me hatt kvar sommar dei siste åra og meir enn 500 overnattingar i dei i alt 31 sengene. Dessutan har me utstilling og konsertar i fjøsen kvar sommar. Kom opp og sjå!



Ein av dei mange festdagane som har vore i Fuglesteg etter opninga i 2005.



Om ein tek tida til hjelp, passar turen til Fuglesteg for både liten og stor.



Nye skilt med markering for kvar hundre høgdemeter vart godt mottekne i fjor.



Det store løftet i 2019 var å få restaurert den siste uteløa i Fuglesteg. Til dette arbeidet nytta me for det meste leighjelp, men elles var som vanleg mykje basert på dugnadsinnsats.

TURPROGRAM UNG 2020

Søndag 2. februar



KOM DEG UT-dagen

Fellesarrangement med Barnas Turlag. Sjå dette.

Laurdag 4. til tysdag 7. april

BASE CAMP VINTER på FIVLA

Dette er eit opplegg som Sogn og Fjordane Turlag har, og der Luster Turlag leiger ut hyttene på Fivla. Mange frå Luster har vore deltakarar opp gjennom åra, og me har fått gode tilbakemeldingar. Her får ein bruka skia både rundt hyttene og til å gå topptur på Fivlenosi. Mykje god mat som må lagast i lag, skaper eit godt fellesskap. Det er SFT som lyser ut for deltaking på basecampen. Luster Turlag er innstilt på å subsidiera lokale deltakarar, så det er berre å melda seg på!

Søndag 19. april



Skitur frå Myri til Spørteggbu

Eineståande fint skiterreng finn me innover i Vanddalen, høgt over Jostedalen. I 1560 meters høgde står sikringsbua Spørteggbu, og denne er målet for turen. Turen er lang med ein god del stigning, så mesteparten av dagen går med, men så får ein til gjengjeld eit eineståande utsyn oppe ved hytta. Opplegget for transport fram til Myri og tidspunkt på dagen må me koma attende til når turen blir omtala på turlaget sine nettsider og på Facebook.

Turleiar: Even Loe, 920 29 962

Søndag 3. mai



Skitur til Hest (1632 moh)

Den mest populære fjelltoppen i heile Luster om vinteren må vera Hest. Han troner over Leirdalen, og du ser han fint frå Gaupne. Startpunktet for skituren er i Leirdalen, og turen må reknast som krevjande med mange høgdemeter. Utsynet er flott og nedturen makelaus fin, så berre bed om godt ver denne dagen.

Sjå detaljar om tid og startpunkt på luster.dnt.no og Facebook nokre dagar før turen.

Turleiar: Anette Hauge, 975 98 805



OPPTUR – eit populært tiltak for 8.klassingane i kommunen.

Onsdag 6. mai



OPPTUR 2020

Dette er eit turopplegg for 8.klassingane i Luster kommune. Turen har gått vekselvis frå Gaupne med gardane på Råum som høgste punkt, eller ein runde i terrenget ved Solvornsgalden i Hafslo. Kva som blir valet denne gongen, kjem me attende til i samarbeid med skulane. Målet er å skapa ein flott dag ute med fine naturopplevingar og utan konkurransepress. Orientering blir gitt på førehand i klassane.

Ansvarleg for opplegget: Arne Fossøy, 917 44 453

Fredag 5. til søndag 7. juni

Brefestival i Jostedalen

Dette er eit tredagaropplegg rundt Breheimsenteret i Jostedalen, og våre medlemmar er inviterte til å vera med på dei mange aktivitetane som der blir arrangerte.

Følg med på kva opplysningar som blir lagde ut i forkant!

**Måndag 22.
til fredag 26. juni**



BASECAMP SOMMAR på TUNGESTØLEN

Dette er eit årvisst arrangement i regi av Sogn og

Fjordane Turlag, og Luster Turlag har både hatt deltakarar og hjelpt til med det praktiske. Pass på å følgja med når SFT legg ut informasjon om påmelding. Luster Turlag har tidlegare støtta deltakarar frå vårt lag økonomisk, og det same kan de rekna med i år.

Laurdag 4 til søndag 5. juli



Hengekøyetur til Siestølen

Klar for ei annleis natt i naturen? Luster Turlag inviterer ungdommen med på ein lågterskel hengekøyetur. Turen startar med ei lett vandring frå Mollandsmarki opp til Siestølen. Der blir det laga camp og hengt opp køyer mellom trea. Me får flott utsyn over Lustrafjorden og det er høve til ein liten gåtur med utsyn til Indre Hafslo. Me lagar mat på primus etterfølgt av ei natt ute i det fri i hengekøylene.

Meir info kjem på luster.dnt.no og Facebook. Meld frå til turleiaren om du ikkje har hengekøye, så får du låna gratis frå SFT sitt lager i Førde!

Turansvarleg: Marte Bergum Hansen, 474 14 479

Søndag 16. august



Kajakktur frå Vedvik til dagsturhytta Eikjabu

Som omtala før i programmet, har Luster Turlag mange kajakkar liggjande i Vedvik, og denne søndagen kan du melda deg på fellestur med desse farkostane for å ta turen til dagsturhytta på Ytre Eikjo. Om du ikkje har vore så mykje i kajak, kan dette vera eit fint høve, når du har mange rundt deg som kan gje gode tips. Turen langs den veglause strekinga utover frå kajakkaustet er spennande i seg sjølv, og er me heldige, vil det dukka opp ein kobbe eller to undervegs.

Sjå info på nettsidene og Facebook.

Turansvarleg: Einvald Søreide Erichsen



Padleturen frå Vedvik til dagsturhytta på Ytre Eikjo burde freista mange.

Helga 22.-23. august



Fisketur til Heggdalsvatnet med overnatting

Det er ikkje så ofte Luster Turlag har invitert til fisketur, så det blir spennande å sjå både deltakartal og fangst. Me veit at det er mykje fisk i vatnet, så det er berre om å gjera å vera dyktig og ha det rette utstyret. Turen er i samarbeid med Luster Jakt- og Fiskelag, og dei stiller med Per Ove Thune, som er kjend som ein dyktig fiskar.

Meir detaljar kjem på nettsidene og Facebook, så føl med.

Turansvarleg: Marte Bergum Hansen, 474 14 479

Laurdag 5. september



KOM DEG UT-dagen

Dette er ein dag for samarbeid mellom UNG og Barnas Turlag, så sjå deira program for dagen.

Onsdag 7. oktober

Kurs i leirdueskyting

Endå noko nytt frå turlaget. I samarbeid med Luster Jakt- og Fiskelag prøver me oss på eit kurs i leirdueskyting. Dette bør høyrast spennande ut for mange, og me håper på stor påmelding. Kurset blir halde på Gaupne skytebane.

Meir opplysningar følgjer på nett og Facebook når tida nærmar seg.

Ansvarleg: Bernt Alexander Elle, 952 81 067

**BLI KUNDE
DU ÒG!**

Luster Sparebank



-stolt sponsor av Luster Turlag



57 68 27 00



post@luster-sparebank.no

www.luster-sparebank.no